



SOGNDAL KOMMUNE

Postboks 153  
6851 SOGNDAL

Orgnr 936401651

## Tilsyn - BARNEVERN

Vi viser til tilsyn den 27.11.2017.

### Føremålet med tilsynet

Formålet med tilsynet var å føre tilsyn med utvalde organisatoriske arbeidsvilkår og arbeidsmiljøarbeidet i verksemda. Sentralt tema i tilsynet var:

- Psykososialt arbeidsmiljø

### Oppsummering av tilsynet

Kontrollen vart utført på/ved:

Dalavegen 2  
6856 SOGNDAL

Til stades frå verksemda: Jostein Aanestad (rådmann), Ole Gunnar Krakhellen (kommunalsjef), Hadle Blikra (barnevernsleiar), Sonja Smedegård (verneombod) og Gruppe med tilsette (9 stk).

Til stades frå Arbeidstilsynet: Oddvar Mikalsen (seniorinspektør).

Tilsynet var inndelt i to delar. Først eit møte med tilsette i barnevernet utan at leiarar var til stades. Deretter eit møte med alle samla.

### Møte med tilsette i barnevernet

Gruppa med tilsett bestod av ni personar inklusiv verneombod frå Sogn barnevern.

Under møtet fekk kvar person presentere seg sjølve og korleis ein oppleve arbeidsmiljøet. Til slutt i møtet utala tillitsvalde og verneombod seg om tilhøva i barnevernet.

### Konklusjon etter gruppeintervjuet

Alle tilsette inklusiv tillitsvalte og verneombod fortaldte at det er eit svært godt arbeidsmiljø i barnevernet. Møtet vart oppsumert med følgjande utsagn:



- fint å gå på jobb
- gleder seg å gå på jobb
- trives i jobben
- kjempegod stemning
- kjenner kvarandre godt
- lagspel
- stortrivest
- arbeider godt i team

### **Samla møte med leiinga og tilsette som var med i gruppeintervjuet**

Rådmannen innleia møtet og ga klart uttrykk for at han ynskjer openheit og at dei tilsette må seie i frå om det er forhold som krev forbetring. Både barnevernsleiar og tilsette utala seg einstmmig om at det er eit godt arbeidsmiljø i barnevernet. I den seinare tid er det blitt større arbeidsmengde og det er igangsett ein prosess med å tilsette fleire personar.

### **Samla konklusjon**

Både leiinga og tilsette er samde om at arbeidsmiljøet ved Sogn barnevern er godt ivaretatt. Det vart utalt at arbeidsplassen var transparent/gjennomsiktig med god kommunikasjon for å bygge tillit.

Forutsetningane for eit godt HMS-arbeidet er openheit og tillit.

Arbeidstilsynet fann ikkje brot på regelverket for dei forholda som vi gjekk gjennom.

### **Informasjon til verneombodet**

Verneombodet skal gjerast kjent med vedtak frå Arbeidstilsynet, jf. arbeidsmiljølova §§ 6-2 sjette ledd og 18-6 åttande ledd. Vi har sendt ein eigen kopi av dette brevet til verneombodet. Dersom verksemda ikkje har verneombod, skal arbeidsgivaren gi kopien til representanten for dei tilsette.

### **Har de behov for meir informasjon?**

De finn meir informasjon om Arbeidstilsynet og om regelverket på [www.arbeidstilsynet.no](http://www.arbeidstilsynet.no) og [www.regelhjelp.no](http://www.regelhjelp.no). De kan også kontakte oss på telefon 73 19 97 00. Dersom de har spørsmål til saka, kontakt sakshandsamaren, oppgi referansenummer 2017/50314.



Med hilsen  
Arbeidstilsynet

Jan Petter Sæbø  
tilsynsleiar  
(sign.)

Oddvar Mikalsen  
seniorinspektør  
(sign.)

*Dette brevet er godkjent elektronisk i Arbeidstilsynet og har derfor ingen signatur.*

Kopi til:  
Verneombodet  
BARNEVERN, Postboks 153, 6851 SOGNDAL